



Frank Borge  
Davangervegen 315  
5310 HAUGLANDSHELLA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4754 - 15/2393

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
09.02.2015

## Godkjent søknad om konsesjon for overtaking av Gbnr. 57/71 på Skorpo.

**Administrativt vedtak. Saknr: 38/2015**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 29/12.14. Frank Borge og Birthe M. Borge søker konsesjon for overtaking av Gnr. 57, bnr. 71 på 11,3 daa på Skorpo i Meland. Overdragarar er Jarle Oen. Eigedommen er vist som LNF-område (landbruks-, natur og friluftsområde) i gjeldane kommuneplan. Eigedommen består i hovudsak av ikkje produktiv skog, ligg på ein holme og er veglaust. Kjøpar eig frå før Gnr. 57, bnr. 10 som ligg nær den omsøkte eigedommen på Skorpo. Den omsøkte eigedommen er ikkje bebygd, og eigar har ingen foreløpige planar for eigedommen.

### Vurdering:

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve konsesjonslova § 9, jfr. føremålet i konsesjonslova §1, og rundskriv M – 2/2012 *Endring i rundskriv M-1/2010 – Priser på landbrukseiendommer ved konsesjon. Nedre beløpsgrense for prisvurdering ved konsesjonsbehandling av bebygd eigedom.*

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjerse av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast vekt på følgjande 5 punkt til fordel for søker:

1. om den avtalte prisen stetter ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.
2. om overtakar vil ivareta omsyn til busetting i området,
3. om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing,
4. om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen
5. om overtakaren ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

1. .... om den avtalte prisen stetter ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling

Administrasjonen har ingen merknad til prisen på eigedommen.

*2. .... om overtakar vil ivareta omsyn til busetting i området*

Eigedommen er ubygd og veglaus, og administrasjonen meiner derfor at overtakinga ikkje vil påverka omsynet til busettinga.

*3. .... om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing*

Ei overføring av eigedomen vil ikkje endre dei driftsmessige tilhøva då områda er veglaust.

*4. .... om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen*

Administrasjonen ser søkjar som skikka til å driva eigedommen

*5. .... om overtakaren ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*

Ei overføring av eigedomen vil ikkje endra den heilskaplege ressursforvaltningen og kulturlandskapet.

Etter vurdering av konsesjonslovas § 9 sine 5 punkt om særlege høve for landbrukseigedomar, vurderer administrasjonen det slik at overføringa ikkje er i konflikt med konsesjonslova.

Administrasjonen har derfor ingen merknad til at det vert gjeve konsesjon. Konsesjon medfører løyve til å overta eigedomane, og ei eventuell framtidig endring av arealbruk må søkjast om etter plan- og bygningslova.

## **Vedtak**

Meland kommune gjev Frank Borge og Birthe M. Borge konsesjon til erverv av eigedom Gnr. 57, bnr. 71. Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova §§ 2 og 9, jfr. Føremålet i konsesjonslova § 1. Grunngeving går fram av saksutgreiinga.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Frank Borge

Davangervegen 5310  
315

HAUGLANDSHELLA